



RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 15.10.2018  
Vår ref.: 2018/14249-2  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## Varsel om kulturhistorisk synfaring - Toska - gnr 43 bnr 4 - søknad om plan for nydyrkning - Radøy kommune

Visar til Dykkar brev datert 19.09.2018 med søknad om godkjenning av plan for nydyrkning. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut frå vårt arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller verneverdig kulturminne knytt til arealet som ein ynskje å nydyrke, men det er registrert fleire steinalder lokaliteter i nærområda. Etter ei vurdering av det aktuelle området, finn me det naudsynt å gjennomføre ei kulturhistorisk synfaring. Før me kan gje fråsegn til søknaden, må me vurdere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne.

Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 11 i kulturminnelova. Synfaringa av området vil bli gjort så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjever

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Jan Ove Toska